



Notat

Dato: 23.07.2015
Arkivsak: 2014/558-151
Saksbehandlar: ingtakl

Til:	Samferdselsavdelinga
Frå:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkeskryssande bussar - uttale frå råda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland

Rådet for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.

Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre. Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.

I samband med nye anbudsutlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjåførøpplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.

Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.

Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak. Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.

Med venleg helsing,

Anita Garlid Johannessen
leiar